



RUTINAR LEKSER OG HEIMEARBEID ORRE SKULE


Skulen har ansvar for kvar elev sin faglege utvikling. Skulen skal følgje med på og overvake læringa, og sette inn tiltak viss ein elev ikkje har forventta fagleg utvikling. Heimen spelar likevel ein stor rolle for eleven si læring. Heime skal elevane trene på ferdigheiter dei har lært på skulen. Dei fleste elevar vil trenge hjelp av dei heime til å kome i gang og halde fram med lekser heime. For dei yngste elevane (på småtrinnet) har skulen ei forventning om at heimen setter av tid til å lese i lag med barnet. Viss foreldre opplever at barna treng lengre tid enn det skulen anbefaler tar ein kontakt med skulen. Skulen og foreldra blir einige om korleis ein kan tilpasse.

For alle trinn:

- Lekser skal prioritere kvalitet, framfor kvantitet.
- Alle lekser skal vere gjennomgått på skulen i forkant av lekse
- Alle lekser skal følgjast opp, munnleg eller skriftleg (høyring av leselekse, levere inn, lærarmonitor). Ikkje kvar dag, men jamleg.
- Alle lekser skal vere kjent emne og tilpassa eleven/gruppas nivå. Ingen elevar skal møte ukjent stoff heime eller måtte tileigne seg ny kunnskap heime
- Leselekse for elevar på småtrinn skal vere repetert lesing (lese høgt for vaksne heime 3 gonger). Her vil ein tilpassa ut i frå eleven sitt nivå
- Unngå ark. Viss ein nyttar det, skal alle elevar ha ein perm der ein ser til at arka blir satt inn før dei sendast heim som lekse
- Lesing i bok framfor skjerm. Elevar skal trene på å lese på skjerm. Det er likevel lesing i bok/på ark som har størst effekt på elevane si leseutvikling

1. & 2. trinn:

- Det skal vere lesing og skriving i lekse kvar dag (norsk eller matematikk)
- Lesing skal vere kjent tekst
- Repetert lesing (elev skal lese høgt for føresette 3 gonger)
- Nivåbasert leselekse
- Lærar går gjennom lekse med eleven i forkant og etterkant av lekse
- Fritidslesing er ikkje funksjonelt (ikkje lekse i valfri bok)
- Lesing skal vere i lesebok, av og til på skjerm
- Skriving skal vere i skrivebok
- Føresette får informasjon om korleis dei skal lese leselekse i lag med eleven på foreldremøte på hausten 1. og 2. trinn
- Maks 20 minutt lekse kvar dag



Med blikk for alle



3. & 4. trinn

- Variert leselekse kvar dag. Repetert lesing høgt for dei heime eller på Showbie
- Skrivelekse i skrivebok eller på skjerm
- Nokre av leseleksene skal vere fagtekst (Krle, naturfag, samfunnsfag)
- Minst 1 reknelekse (grunnleggjande rekneferdigheiter). Reknelekse i mattebok eller på læringsbrett (må følgjast opp)
- Minst 1 engelsklekse (relevant lesing, øveord/gloser til bruk i ei kontekst)
- Engelsklekse skal vere i ulike nivå, og repetert lesing høgt for dei heime
- Ei lekse kan vera ei praktisk / fysisk lekse
- Maks 25 minutt lekse.

5. til 7. trinn


- Leselekse kvar dag, med bestilling (refleksjon, notat, lydfil, samandrag)
- Leselekse bør vere fagtekst
- Minst 1 reknelekse (grunnleggjande rekneferdigheiter)
- Minst 1 engelsklekse relevant lesing, øveord/gloser til bruk i ei kontekst)
- Ein kan bruke «Flipped classroom» / «omvendt undervisning»
- Ei lekse kan vera ei praktisk / fysisk lekse
- Maks 30 minutt kvar dag
- Kva veit vi om effekten lekser har på læring?
- Lekser har effekt viss dei inngår i ein pedagogisk samanheng
- Lekser har effekt viss dei har eit repeterande preg (øve/overlæring)
- Lekser har ikkje effekt (kan ha negativ effekt) viss det er for stor avstand mellom det eleven kan og det som blir forventa i lekse
- Lekser som krev forkunnskap om eit emne kan bidra til å auke sosial skilnad

Nokre gonger blir lekser eit slit

Det er lurt å arbeide inn gode vanar knytt til lekser. Gjer lekser på ein fast plass og til fast tid. Både barn og vaksne kan vere slitne etter jobb og skule. Forsøk å gjere situasjonen god ved å leite etter ting barnet får til og meistrar. Det er viktig med positiv forsterkning, sett ord på det barnet gjer rett. Skryt av barnet. Det er likevel viktig at barnet blir retta på, slik at dei ikkje lærar seg å lese ord feil. For barn som strever kan det hjelpe med ei klokka som teller ned tida. Stans tida viss barnet gjer andre ting enn skulearbeid. Det er heimen som bestemmer heime. Viss ein ser at nei, i dag går det ikkje – avslutt og prøv igjen seinare eller dagen etter.

Dersom lekser blir vanskeleg, ta kontakt med skulen.

Sist revidert i profesjonsfelleskapet, august 2025



Med blikk for alle